



Møteprotokoll Eldrerådet

Møtedato: 13.10.2020
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 18:00 - 19:50

Budsjett 2021, orientering om bakgrunnstala
Status for eldremeldinga

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem
Solveig Hopen	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Idar Johan Hopland	Medlem
Reidar Øksnes	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Magnus Kvingedal	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore, møtesekretær

Austrheim 15. oktober 2020

Gro Vigdis Johannessen
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
014/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/20	Godkjenning av møteprotokoll
016/20	Orienteringssak

014/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

13.10.2020 ELDRERÅDET

Handsaming i Eldrerådet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

ER - 014/20 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjent

015/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

13.10.2020 ELDRERÅDET

Handsaming i Eldrerådet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

ER - 015/20 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent.

016/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

13.10.2020 ELDRERÅDET

Kommunalsjef helse og omsorg Monika Kvamme orienterte om:

- Arbeidet mot Korona, som har tatt mykje ressursar for kommunen sidan mars.
- Flytting av Helsestasjonen, frå Legekontoret og opp i 2. etasje på kommunehuset, for å gje betre plass til legetenesta.
- Har fått rekruttert psykolog til PPT, jobbar med å få på plass også ein psykolog til.
- Eldremeldinga, som det skal jobbast med framover. Har ein plan liggande som skal rullerast, det viktige i dette arbeidet er ein god handlingsplan som seier til dømes kva det er behov for av sjukeheimplassar, og korleis det skal løysast for dei som skal ha hjelp heime. Dette er ein viktig plan å få på plass, og som skal gjennomsyra alle andre planar kommunen har.
- Austrheim har per i dag ikkje avtale om pasientkjøring. Helse Bergen skal lysa ut nytt anbod, men førebels står ein utan avtale med drosjeselskap.

Kommunalsjef personal og økonomi Odd Harald Dommersnes orienterte om:

- Budsjettarbeidet for 2021, og arbeidsprosessen framover.
- Det er sett av 50.000 i 2021-budsjettet for dei tre råda, Eldrerådet, RMNF og Ungdomsrådet.
- Styrkar helse framover med lege og sjukepleiar på legekontoret, psykologteneste.
- Legg opp til møte måndag 9. november med alle råd, FAU, idrettslag, symjeklubb, motorcross, med fleire. Deler opp i fleire møte denne dagen, sidan det er ulike interesser i desse råda. Kjem med tilbakemelding på tidspunkt for dette.
- Den nye organiseringa av kommunen, med fire kommunalsjefar med kvar sine område: Forvaltning/Service, Økonomi/Personal, Oppvekst/Kultur, og Helse/Omsorg. Den nye organisasjonen skal vera på plass frå 1. januar 2021, og er både drøfta med dei tillitsvalde, og politisk bestemt (ark frå presentasjonen ligg ved møteboka).
- Orienterte om den økonomiske situasjonen per no og framover, med rekneskap per andre tertial (ligg ved møteboka).
- Må jobba meir aktivt med sjukefråværet, som er 9,3 prosent. Må sjå på kva som skal til for at fleire er på jobb!
- Inntektsmoglegheitene i 2021 er mellom anna refinansiering av renter på lån, reforhandling av alle innkjøp, sal av eigedommar og tomter, redusert sjukefråvær, utbytte frå Mongstad Vekst og Havbruksfondet, samt digitalisering, fokus på drift, og mindre bruk av konsulentar (ark frå presentasjonen ligg ved møteboka).
- Ba om innspel frå desse råda (og andre), om korleis ein kan jobba best mogleg i kommunen.

Innspel frå råda:

Eldrerådet:

Når det er ei målsetting at eldre skal bu heime lengst mogleg, så må ein satsa på heimhjelp. Må sjå på kvar det kjem nye bustader, der eldre kan klara seg heime lengre, til dømes i Sætremarka.

Ungdomsrådet:

Etterlyser asfaltering på vegen i Åråsfeltet, Anita og ungdomsrådet lagr kart over kvar det er ille. Kan spela det inn også til fylkeskommunen, om det er fylkesvegane det er tale om.

Etterlyser vedlikehald av hallen, slik at utstyr og anna er i skikkeleg stand.

Vil ha i gang arbeidet med ei ungdomsmelding, som skal gje føringar for alle planar som er i kommunen.

Etter desse orienteringane gjekk Ungdomsrådet, og Eldrerådet heldt fram sitt møte.

Solveig Hopen viste til korleis Eldrerådet i Bergen har ei liste med kva oppgåver dei har fast. Møtesekretæren får i oppgåve å laga eit tilsvarende oppsett for Austrheim, i tillegg til å purra internt på huset om at sakshandsamarar må syta for at saker vert melde opp også til eldrerådet (og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne).

Leiar i rådet Gro Johannessen refererte frå dei tre møta ho (og andre) har delteke på over nettet den siste dryge månaden. Det har vore eit nettmøte for "Leve heile livet", og to nettmøte felles for Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. (For desse to siste er det eigne referat, som vert sendt til begge råda).

Eldrerådet legg opp til å gjera sitt tilråningsvedtak for 2021-budsjettet anten direkte i den totimarsbolken som blir sett opp måndag 9. november, eller i direkte framhald av dette.

Gro Johannessen orienterte om korrespondansen med Samfunnshuset om Eldredagen 2020, som vart avlyst, og om at datoen er reservert på Samfunnshuset for 2021. Har etterlyst svar på dette.

Johannessen har vidare laga til ein tekst til Kyrkjebakken for å gjera synleg kvifor Eldredagen 2020 vart avlyst, og om kva som er rådet sine oppgåver og korleis ein kan nå tak i leiaren. Teksten til Kyrkjebakken lyder slik:

Eldredagen.

Dessverre måtte feiring av eldredagen gå ut denne høsten. Koronasmitten kom til Austrheim, og påmeldingen var minimal. Vi får satse på skikkelig feiring neste år. Ellers er eldrerådet i gang med møtene sine. Vi har hatt 2 møter i høst foruten konstitueringsmøte i juni. Representanter fra eldrerådet har også deltatt på 3 videomøter med fylket. Ta gjerne kontakt med rådet om du som er i aldersgruppen eller pårørende til eldre, har noe du vil vi skal ta opp. Et av punktene på videomøtene var at eldrerådet skal være pådriver, vaktbikkje overfor kommunen, og synlig for de eldre. Bruk tlf 90850850 eller mail svjoh@online.no hvis du har noe på hjertet. Begge adr er til leder i eldrerådet. God adventstid til dere alle.

Austrheim eldreråd Gro Johannessen

Om møteplan for 2021, vart det diskutert kor mange møte ein skal ha. No framover vert det eitt møte den 9. november som er sett opp, og så vert det møte tysdag 19. januar klokka 17.15. Møteplanen vidare etter det, blir tilpassa til møteplanen som då er sett for formannskap, kommunestyre med fleire.

ER - 016/20 VEDTAK:

Orienteringane vert teke til vitande.
